



Meland kommune kulturavdelinga v/ Eirik Bouwer Utne

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/685 - 19/7454

Saksbehandlar:

Marius Flemmen Knudsen

marius.knudsen@meland.kommune.no

02.04.2019

Søknad om bygging av landbruksveg - Kveldsolsvegen på Gbnr. 37/4 og 5 Søre Ådland i Meland kommune.

Tiltak: Bygging av landbruksveg på ca. 50 meter i vegklasse 8.

Gbnr: 37/4 og 5

Kommune: 1256 Meland

Frist for uttale: 30.04.2019

Meland kommune har motteke søknad frå Kent Gullaksen om å få byggje ein landbruksveg på Søre Ådland. Det vert søkt om å få byggje ein traktorveg i vegklasse 8 på ca. 50 meter. Den nye veggen skal vere tilkomstveg til eit skogareal/vedteig.

Det er i dag ikkje vegtilkomst til arealet, som nyttast som vedteig på eignedomen. Det omsøkte arealet ligg på toppen av ein mindre høgde, og det er på store delar av høgda for bratt til å komme til toppen. Vidare gjer terrenget at det er vanskeleg å få ut tømmer på ein enkel og god måte. Omsøkt vegtrase er den einaste ruta til arealet grunna terreng og nabohytter. For å kunne nytta denne teigen til ved på ein rasjonell og effektiv måte er det trong for veg. Veggen har 100 % skogbruksformål.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, Kap.3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3 -1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei ut talar som er naudsynte, jf. § 1 -1. Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommune og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

Vedlagt følgjer søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen
skog- og miljøkonsulent

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vedlegg:

Søknadskjema landbruksveg Gbnr. 37-4 og 5
Kartvedlegg Gbnr. 37-4 og 5

Kopi til:

Kent Roy Gullaksen

Ådlandsvegen
1003

5919

FREKHAUG

Mottakere:

Hordaland fylkeskommune Kultur-
og Idrettsavdelinga
Meland kommune kulturavdelinga
v/ Eirik Bouwer Utne

Postboks 7900

5020

BERGEN